

Innkalling
av
Førebuande fellesnemnd - ny kommune

Møtedato: 12.06.2017
Møtestad: Meland rådhus
Møtetid: 12:00 - 17:00

Eventuelle forfall må meldast til Ørjan Raknes Forthun per tlf. 56 37 50 00, sms til eller per epost til orjan.raknes.forthun@lindas.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Saknr	Tittel
030/17	Godkjenning av innkalling og saksliste
031/17	Godkjenning av møteprotokoll
032/17	Vidare arbeid med styringsdokumentet for etableringa av «ny kommune»
033/17	Møteplan fellesnemnd «ny kommune»
034/17	Melding/orientering til førebuande fellesnemnd

6. juni 2017

Øyvind Oddekalv
møteleiar

Ørjan Raknes Forthun
møtesekretær

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
030/17	Førebuaude fellesnemnd - ny kommune	PS	12.06.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Tove Mette Arnø Fyllingen	17/1759

Godkjenning av innkalling og saksliste

Framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
031/17	Førebuaude fellesnemnd - ny kommune	PS	12.06.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Tove Mette Arnø Fyllingen	17/1759

Godkjenning av møteprotokoll

Vedlegg:

Protokoll - Førebuaude fellesnemnd - ny kommune - 15.05.2017

Framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent

Møteprotokoll

for

Førebuande fellesnemnd - ny kommune

Møtedato: 15.05.2017
Møtestad: Nordhordlandshallen, kantina
Møtetid: 13:45 - 16:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Astrid Aarhus Byrknes	Lindås	Nestleiar
Leif Hosøy Sleire	Lindås	Medlem
Asle Hetlebakke	Lindås	Medlem
Nina Bognøy	Lindås	Medlem
Ståle Juvik Hauge	Lindås	Medlem
Anna K.Valle	Lindås	Medlem
Bjarte Vatnøy	Lindås	Medlem
Karl Vågstøl	Lindås	Medlem
Sveinung Toft	Lindås	Medlem
Øyvind Oddekalv	Meland	Utvaleiar
Øyvind Bratshaug	Meland	Medlem
Anne Grete Eide	Meland	Medlem
Sølvi Knudsen	Meland	Medlem
Karina Garnes Reigstad	Meland	Medlem
Jon Askeland	Radøy	Medlem
Jostein Borlaug	Radøy	Medlem
Kenneth Murberg	Radøy	Medlem
Else Marie Dale	Radøy	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Nina Stabell Øvreås	Lindås	Medlem
Nils Marton Aadland	Meland	Medlem
Laila Pletten	Radøy	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Andreas Dyngen	Lindås	Nina Stabell Øvreås
Thomas Wallem	Meland	Nils Marton Aadland
Kirsti Floen	Radøy	Laila Pletten

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Jarle Landås-rådmann Radøy, Kari Anne Iversen-rådmann Meland, Ørjan Raknes Forthun-rådmann Lindås og møtesekretær, Sven-Erik Antonsen-BDO, Merethe Mæland-BDO

Sakliste

Saknr	Tittel
023/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
024/17	Godkjenning av møteprotokoll
025/17	Val av kommunenavn for den nye kommunen
026/17	Krav til stilling som prosjektansvarleg/rådmann i den nye kommunen
027/17	Søknad om støtte til samferdselstiltak
028/17	Oppnemning av arbeidsgruppe for gjennomføring av seminar om næringsutvikling
029/17	Melding / orientering til førebuande fellesnemnd - 15.05.2017

023/17: Godkjenning av innkalling og sakliste

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

15.05.2017 Førebuande fellesnemnd - ny kommune

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FELLES - 023/17 VEDTAK:

Innkalling og sakliste er godkjent

024/17: Godkjenning av møteprotokoll

Framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent

15.05.2017 Førebuande fellesnemnd - ny kommune

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FELLES - 024/17 VEDTAK:

Møteprotokollen er godkjent

025/17: Val av kommunenavn for den nye kommunen

Framlegg til vedtak

1. Kommunestyret vedtek Alver kommune som namnet på den nye kommunen.

15.05.2017 Førebuande fellesnemnd - ny kommune

Representanten Sveinung Toft, Lindås, fremma følgjande forslag på vegne av seg sjølv og Anna K

Valle, Lindås:

«Kommunestyret vedtek Knarvik kommune som namnet på den nye kommunen.»

Representanten Karl Vågstøl, Lindås, fremma følgjande forslag:

«Kommunestyret vedtek Nordhordland kommune som namnet på den nye kommunen.»

Leiar for førebuande fellesnemnd fremma forslag om prøverøysting. Det vart røysta over forslaga einskildvis.

Nordhordland kommune fekk 6 røyster. (3 Lindås, 2 Meland og 1 Radøy)

Knarvik kommune fekk 6 røyster. (5 Lindås og 1 Radøy)

Alver kommune fekk 14 røyster. Mot 7 stemmer (1 Meland, 5 Lindås og 1 Radøy)

Etter prøverøystinga vart framlegg om «Nordhordland kommune» trekt.

Det låg føre to framlegg ved endeleg avrøysting:

1. «Kommunestyret vedtek Knarvik kommune som namnet på den nye kommunen.»
2. «Kommunestyret vedtek Alver kommune som namnet på den nye kommunen.»

Desse forslaga vart satt opp mot kvarande.

Alver kommune vart vedteke mot 6 røyster (5 Lindås og 1 Radøy).

FELLES - 025/17 INNSTILLING TIL KOMMUNESTYRA:

Kommunestyret vedtek Alver kommune som namnet på den nye kommunen.

026/17: Krav til stilling som prosjektansvarleg/rådmann i den nye kommunen

Framlegg til vedtak

1. Førebuande fellesnemnd gir ordførarane og varaordførarane i dei tre kommunane fullmakt til å utarbeide ei skildring av stillinga som prosjektansvarleg/rådmann i den nye kommunen. Denne vert nytta i prosessen med avklaring av rettskrav til stillinga.
2. Koordinerande tillitsvalt deltar i utarbeidinga av stillingsskildringa.

15.05.2017 Førebuande fellesnemnd - partssamansett utval

Framlegget vart samrøystes vedteke.

PFELLES - 009/17 INNSTILLING:

1. Førebuande fellesnemnd gir ordførarane og varaordførarane i dei tre kommunane fullmakt til å utarbeide ei skildring av stillinga som prosjektansvarleg/rådmann i den nye kommunen. Denne vert nytta i prosessen med avklaring av rettskrav til stillinga.
2. Koordinerande tillitsvalt deltar i utarbeidinga av stillingsskildringa.

15.05.2017 Førebuande fellesnemnd - ny kommune

Leiar for førebuande fellesnemnd fremja følgjande framlegg til eit nytt punkt 3.

Førebuande fellesnemnd får tilbakemelding etter at prosessen med avklaring av rettskrav til stillinga er gjennomført.

Framlegg og nytt punkt 3 vart samrøystes vedteke.

FELLES - 026/17 VEDTAK:

1. Førebuaende fellesnemnd gir ordførarane og varaordførarane i dei tre kommunane fullmakt til å utarbeide ei skildring av stillinga som prosjektansvarleg/rådmann i den nye kommunen. Denne vert nytta i prosessen med avklaring av rettskrav til stillinga.
2. Koordinerande tillitsvalt deltar i utarbeidinga av stillingsskildringa.
3. Førebuaende fellesnemnd får tilbakemelding etter at prosessen med avklaring av rettskrav til stillinga er gjennomført.

027/17: Søknad om støtte til samferdselstiltak

Framlegg til vedtak

1. Førebuaende fellesnemnd søker Kommunal- og moderniseringsdepartementet om 5 millionar kroner til vidare arbeid med regulering av Sambandet Vest.
2. Ordførarane får i fellesskap fullmakt til å utforme og signere den konkrete søknaden.

15.05.2017 Førebuaende fellesnemnd - ny kommune

Sveinung Toft fremma følgjande forslag til nytt punkt en:

«Førebuaende fellesnemnd søker Kommunal- og moderniseringsdepartementet om 5 millionar kroner til utvikling av digitale tenester til innbyggjarane.»

Forlaget fall mot to røyster. (1 Meland og 1 Lindås).

FELLES - 027/17 VEDTAK:

1. Førebuaende fellesnemnd søker Kommunal- og moderniseringsdepartementet om 5 millionar kroner til vidare arbeid med regulering av Sambandet Vest.
2. Ordførarane får i fellesskap fullmakt til å utforme og signere den konkrete søknaden.

028/17: Oppnemning av arbeidsgruppe for gjennomføring av seminar om næringsutvikling

Framlegg til vedtak

1. Førebuaende fellesnemnd vel som medlemmer i arbeidsgruppa for gjennomføring av eit seminar om næringsutvikling hausten 2017:
 - a.
 - b.
 - c.
2. Arbeidsgruppa fungerer fram til seminaret er gjennomført.
3. Arbeidsgruppa får administrativ støtte frå Lindås kommune.

15.05.2017 FØREBUANDE FELLESNEMND - NY KOMMUNE

Tilråding frå valnemnda:

- a. Karl Vågstøl, Lindås
- b. Øyvind Bratshaug, Meland
- c. Kenneth Murberg, Radøy

Kenneth Murberg, Radøy, fremma forslag om nytt medlem i arbeidsgruppa:

- d. Karina Garnes Reigstad, Meland

Tilrådinga med tillegg vart samrøystes vedteke.

FELLES - 028/17 VEDTAK:

1. Førbuande fellesnemnd vel som medlemmer i arbeidsgruppa for gjennomføring av eit seminar om næringsutvikling hausten 2017:
 - a. Karl Vågstøl, Lindås
 - b. Øyvind Bratshaug, Meland
 - c. Kenneth Murberg, Radøy
 - d. Karina Garnes Reigstad, Meland
2. Arbeidsgruppa fungerer fram til seminaret er gjennomført.
3. Arbeidsgruppa får administrativ støtte frå Lindås kommune

029/17: Melding / orientering til førbuande fellesnemnd - 15.05.2017

Framlegg til vedtak

Melding vert teke til orientering.

15.05.2017 Førbuande fellesnemnd - ny kommune

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FELLES - 029/17 VEDTAK:

Meldinga er teke til orientering.

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
032/17	Førebuaude fellesnemnd - ny kommune	PS	12.06.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Ørjan Raknes Forthun	16/3602

Vidare arbeid med styringsdokumentet for etableringa av «ny kommune»

Framlegg til vedtak:

1. Styringsdokumentet for etableringa av ein «ny kommune» behandlast i møtet i Fellesnemnda 2. oktober.

Saksopplysningar:

For å synleggjere retninga og omfanget for programmet skal det utarbeidast eit styringsdokumentet, der blant anna prosjektorganiseringa med dei ulike rollene vert skildra. Styringsdokumentet skal synleggjere korleis programmet skal gjennomførast, og leggja eit godt grunnlag for ei evaluering av om programmet har nådd måla som har vorte vedteke.

For å sikra at styringsdokumentet fyllar alle føremåla er det viktig å sikra god forankring, både politisk, administrativt og blant dei tillitsvalte. Av den grunnen er det behov for å arbeida vidare med dokumentet for å skapa eit godt eigarskap til opplegget for arbeidet med å slå kommunane saman. For å oppnå dette er det i det vidare arbeidd lagt opp til å involvera leiargruppene i dagens kommunar, og gjennomføra drøftingar med dei tillitsvalde i dei tre kommunane. For å sikra god politisk forankring vert lagt det opp til å bruka Saksførebuaude utval som ein arena for å drøfta korleis dokumentet skal utformast og korleis ulike delar skal omtalast. Fellesnemnda vil òg involverast gjennom eit to-dagars seminar (4.-5. september) der det vil arbeidast med viktige element frå styringsdokumentet, slik som målsetjingar, kommunikasjonsstrategiar, avgrensingar og avhengnader og strategiar for gjennomføring av programmet.

.....

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
033/17	Førebuaende fellesnemnd - ny kommune	PS	12.06.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Ørjan Raknes Forthun	16/3602

Møteplan fellesnemnd «ny kommune»

Framlegg til vedtak:

1. Møteplan for fellesnemnd og saksførebuaende utval vert vedteke slik den ligg føre.

Saksopplysningar:

Måndag er vidareført som møtedag med følgjande datoar:

Dato	Møte
21. august	Saksførebuaende utval
4.-5. september	Seminar for fellesnemnd
18. september	Saksførebuaende utval
2. oktober	Fellesnemnd
24. oktober	Saksførebuaende utval
6. november	Fellesnemnd
20. november	Saksførebuaende utval
4. desember	Fellesnemnd

Forslag til tidsramme for møta er i utgangspunktet kl. 12.00 – 17.00 inkl. partssamansett utval.

.....

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
034/17	Førebuande fellesnemnd - ny kommune	PS	12.06.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Ørjan Raknes Forthun	16/3602

Melding/orientering til førebuande fellesnemnd

Vedlegg:

Møteplan partssamansett utval ny kommune

Framlegg til vedtak

Meldinga vert teke til orientering.

.....

Saksopplysningar:

Meldingar (sjå vedlegg):

- Møteplan førebuande fellesnemnd – partsamansett utval

.....

Saksframlegg

Sakshandsamar:	Klikk her for å skrive inn tekst.	Ørjan Raknes Forthun
	Arkivnr.: 16/3602	Klassering:

Møteplan partssamansett utval «ny kommune»

Framlegg til vedtak:

1. Møteplan for partssamansett utval vert vedteke slik den ligg føre.

Saksopplysningar:

Måndag er vidareført som møtedag med forslag om følgjande datoar:

Dato	Møte
5. september	Seminar for fellesnemnd, der tillitsvalte deltar på dag to
2. oktober	Partssamansett utval
6. november	Partssamansett utval
4. desember	Partssamansett utval

Tidsramme for møta er i utgangspunktet kl. 12.00 – 13.00.

.....

Ikkje vedlagte saksdokument:

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost